

JORDVERN I SENTRUM

Det er temaet når Uskedalen bondelag og Uskedal Utvikling held møte i Helgheim tysdag i neste veke klokka 19.30.

Svein Guldal (biletet) frå Noregs Bondelag held foredrag og tek for seg jordvernet lokalt her i kommunen knytt opp til dei utfordringane klimaendringane gjev oss i framtida.

Lokallaget ynskjer å jobba meir med dette viktige tema i tida som kjem. Også her i bygda er det svært aktuelt, ikkje minst i samband med sentrumsplanleggjinga som no er igang.

Guldal er bonde og byggmeister frå Buskerud. Han har vore leiar i Øvre Eiker Bondelag, Buskerud Bondelag og styremedlem i Noregs Bondelag, men er no prosjektleiar i NB med arbeidsfelt miljø, klima og ny energi-

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen